

RADØY KOMMUNE

Sakspapir – Del. vedtak

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Delegert frå plan, landbruk og teknisk	14.09.2009	225/09	ÅMS

Sakshandsamar: Aase M. Skrede	Arkiv: GBNR-43/104 Objekt:	Arkivsaknr 09/782
--------------------------------------	---	-----------------------------

GNR 43/104 TOSKA - MELDING OM TILTAK - OPPFØRING AV REISKAPSBOD - GODKJENNING

Saksdokument:

Nr	T	Dok. dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	09.06.2009	Alf og Siren Nordal	Gnr 43/104 Toska - søknad om dispensasjon - reiskapsbod
3	U	07.09.2009	Alf og Siren Nordal	Gnr 43/104 Toska - søknad om dispensasjon og melding om tiltak - reiskapsbod - oversending av vedtak og krav om gebyr

Saksutgreiing:

Gjeld oppføring av reiskapsbod med areal opplyst til å vere ca.13,3 m².

Eigedommen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen for Toska hyttefelt er definert som byggeområde for hytte. Det vart i sak 081/09 av 26.08.09 gjeve dispensasjon for oppføring av reiskapsbod som omsøkt.

Vedtak:

I medhald av delegasjonsreglement i Radøy kommune, og gebyrregulativ vedtatt i kommunestyret den 26.11.2008, vert meldinga godkjent i medhald av plan- og bygningslova §§ 70, 74 og 86 a på følgjande vilkår:

1. Tiltaket kan plasserast slik som vist i søknaden.
2. Bygningen må ikkje nyttast til anna føremål enn han er godkjent for.

Kopi av dette vedtak samt andre saksdokument skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.


Dersom byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 96.

Alt arbeid skal følgje plan- og bygningslova, forskrifter og andre føresegner. Dersom innsendte planar er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre planane.

Sjå vedlagde orientering om klagerett.



Tonje Nepstad Epland
Leiar plan, næring og teknisk/
Juridisk rådgjevar



Aase M. Skrede
Byggesakshandsamar